

Sak 5 Lovendring

Endring i arbeidet til Blad- og blestnemda – Nedlegging av Bodstikka

Styret ønskjer å endre arbeidet med informasjonsflyten i laget. Bodstikka er særskildt arbeidskrevjande å setje opp og kostbart å trykke. Nokre saker kan dessutan vere litt utdaterte når dei kjem på trykk.

Intern informasjon er særskildt viktig for å skape engasjement rundt aktivitetar og at medlemmene skal føle seg knytt til laget. I tillegg ser ein det som ønskjeleg med ein stor grad av ekstern informasjon.

Vi ønskjer å leggje opp til ein meir nettbasert informasjonsflyt, der Blad- og blestnemda har ei viktig rolle. Vi ser for oss at Blad og blest kan presentere tilsvarande saker på nettsida. Nettsida kan utviklast vidare slik at alle særslag ser seg tent med løysinga og brukar ho aktivt. Tid som blir frigjort for Blad- og blestnemda kan brukast til blesting, og eventuelt til å skrive fleire saker.

Utvalde saker frå Blad og blest kan gi grunnlag for ei jubileumsbok, til dømes kvart 5. år. Dette er noko som kan bli vurdert i vidare arbeid.

Gjeldande § 6 om Blad- og blestnemda

Blad- og blestnemda skal arbeida for å auke kontakten mellom leiinga og medlemmene i laget og spreia opplysning om laget om laget og det arbeidet laget driv.

Nemnda skal arbeida for profilering av laget, koordinera all blest om arrangement i og utanfor laget og gje råd til styret om deltaking i det offentlege ordskiftet.

Blad- og blestnemda skal utvikla og oppdatera heimesida til laget og står for utgjeving av lagsbladet "Bodstikka".

Nemnda skal ha 1 leiar og 4 medlemmer.

Forslag til ny § 6 om Blad- og blestnemda

Blad- og blestnemda skal arbeida for å auke kontakten mellom leiinga og medlemmene i laget og spreia opplysning om laget om laget og det arbeidet laget driv.

Nemnda skal arbeida for profilering av laget, koordinera all blest om arrangement i og utanfor laget og gje råd til styret om deltaking i det offentlege ordskiftet.

Blad- og blestnemda skal utvikla og oppdatera heimesida til laget.

Nemnda skal ha 1 leiar og 4 medlemmer.